

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

**Råd:** Stord sokneråd  
**Tid:** Onsdag 27.nov 2024 Kl. **17.00 – 21.00**  
**Møtestad:** Heime hos Sigrid i Myraskogen 23

**Til stades:** Leif Steinar Alfsvåg, Magne Andresen, Anders Dahl, Sigrid Beate Eskeland, Kirsti Angvik Frugård, Jørgen Knudsen, Randi Agnete Nysæter, Dag Sele, Dag Kjetil Lægreid (1v) og Åslaug L. Nag (3v)  
**Forfall:** Knut Johannes Gram

## SAKLISTE

### 2024/64- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:** Godkjent, med følgjande info/drøftingssaker som tillegg: Stallen 2024

### 2024/65 - 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

**Vedtak:** Godkjent

### 2024/66 - 212 Arbeid med frivillige medarbeidarar

Soknerådet drøftar no-situasjonen rundt frivillige medarbeidarar i dei ulike områda/utvala og forsøker identifisere dei viktigaste forbettingsområda å ta tak i. Ønskje om å diskutere utfordringar og å sjå moglegheiter innan kvart område, som t.d.

- 1) Er det konkrete behov for frivillige vi veit det må rekrutterast til framover?
- 2) Er det nokre grupper der vi ser aktuelle kontaktpersonar som kan få ei leiarrolle?
- 3) Er det nokre grupper vi bør arrangere samlingar for, t.d. for opplæring eller oppfølging?

Anders viser litt frå organisering av frivillige i Medarbeideren-programmet.

– Denne delen vart utsett til seinare møte

#### Moment frå drøftinga:

- Vi må vere frimodig og open for å spørje fleire potensielle frivillige.
- Hugs ei kombinert tilnærming som rommar både konkrete oppgåver og Use-your-talents.
- Gudstenesteutval:
  - o Har rekruttert inn 4 nye kyrkjevertar i haust. Jobbar med liste for våren no, ser ut til å vere tilstrekkeleg. Leif Steinar har oppgåva med å spørje nye, medan Olaug står for kommunikasjon / informasjon.
  - o Kyrkjekaffi: Reidun lagar oppsett og står for kommunikasjon / informasjon. Der er det kanskje behov for nokre fleire ila våren. Uklart kven som spør.
  - o Ønskje om å rekruttere fleire yngre (40-60 år).
  - o Planlegg medarbeidersamling 3.juni for dei som arbeider inn mot gudstenesta.
  - o **Mål om å finne ein kontaktperson innanfor kyrkjevertar.**
  - o **Mål om å rekruttere 1-2 frivillige innanfor kyrkjekaffi.**
- Trusopplæring
  - o Det er for tida ein utfordrande situasjon med vakanse i staben (1,4 stilling) og soknerådet fekk rett før møtet beskjed frå kyrkjeverja om at dei tilsette ikkje kan gjennomføre alle dei planlagde tiltaka for våren. Dei tilsette ressursane vert i stor grad brukt til konfirmantundervisning (og babysong). Staben har bedt soknerådet sjå på om ein kan gjennomføre meir med frivillige, utan bruk av tilsette. Konkret er soknerådet bedt om å sjå på T9 (Tårnagent), T12 (Kode B) og Pølsefest i Stord.
  - o Trusopplæringsutvalet er soknerådet sitt arbeidsutval for arbeid innan dette området, og ein ønskjer å sjå på korleis soknerådet sine representantar kan ta ei større rolle i utvalet for å kunne avlaste tilsette i heilskapsplanlegginga – og sørge for at utvalet får ein god dialog rundt korleis ein løyser dei ulike tiltaka med bruk av tilsette / frivillige – utan at sakshandsaminga kjem til soknerådet før utvalet har behandla sakane.
  - o Det vart og stilt spørsmål om det er hensiktsmessig å ha felles TOL-utvalsmøter med Nysæter framover, når det no går i retning av meir detaljplanlegging i utvalsmøtet. (Det er to TOL-utval, eit for kvart sokn – som har valt å felles møter, ikkje eit felles utval. Utvala står fritt til å velje å møtast kvar for seg i staden).
  - o **Anders** tar kontakt med kyrkjeverje for å fasilitere ein dialog rundt korleis ein legg opp arbeidet i utvalet framover.
- Diakoni

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

- Ingen frå diakoniutvalet til stades i møtet, men dei som var til stades har oppfatta at behovet for fleire frivillige innan diakonien særleg er inn mot besøksteneste.
- Kyrkjelivsutval
  - Ønskjer etablere leir-komite tidleg for å skape meir eigarskap inn mot leir i 2025.
  - Kveldssamling: Opplever eit ønske i kyrkjelyden rundt eit slikt opplegg, kanskje kan det vere potensiale for noko liknande om dei rette snakkar saman? Det vart diskutert om utvalet kan ta initiativ til ei samling der dei som vil bidra kan komme og snakke saman om kva ein vil og kven som evt har lyst til å vere med i arbeidet.

## Vedtak:

- Utvala følgjer opp dei aktuelle punkta frå drøftinga innanfor sitt eige område.
- Anders tek kontakt med kyrkjeverje for å følgje opp trusopplæring og utvalsarbeidet.

## 2024/67 - 012 Halvårsevaluering – satsingar 2024/2025 og arbeid i soknerådet

Soknerådet går gjennom satsingane for 2024/2025 skuleåret og vurderar om det er områder som krev nye tiltak – og om det evt er behov for endring i satsingane. Det vert og høve til å gi innspel om korleis vi arbeider i soknerådet for å kunne justere arbeidsmåten inn i 2025.

### Moment frå drøftinga:

- Kyrkjelydsleir vart ikkje gjennomført pga låg påmelding.
- Oppstart av Salmar på Pub på Osvald første fredag i feb, mars og april.
- Opplever å arbeide godt med punkta i programmet, sjølv om nokre punkt ikkje let seg gjennomføra med noverande status på tilsette og frivillige medarbeidarar.
- Soknerådet vil invitere Runar på eit SR-møte på våren for å diskutere ungdomspunkta.
- Soknerådet er fornøgd med måten arbeidet i rådet fungerer, inkl saksførebuing, frekvens og lengde på møta mm. Det er framleis behov for litt tydeleg leiing for å halda tida, møteleiar oppmodast til å setje strek og sikre framdrift etter behov.
- Særleg godt fornøgd med dette møtet, med ei lenger tidsramme og ei anna møteramme (heime hos Sigrid og møte med middag) – Takk til Sigrid for godt vertskap!

## Vedtak:

*Ikkje noko vedtak i saka – gjennomført som drøftingssak.*

## 2024/68 - 112 Sak om fellesrådsøkonomi – unnateke offentleg innsyn etter §14.

## 2024/69 - 112 Budsjett 2025

vedl 1

Stord sokneråd skal vedta budsjett for soknerådet sin aktivitet i 2025. Sjå framlegg med informasjon og forslag til budsjett. Det vert opna for drøftingar i møte om innretninga på inntekter (i praksis: Kor mange takkoffer skal gå til eige arbeid og til eksterne føremål) og korleis ein prioriterer pengebruken for eigne midlar.

### Moment frå drøftinga:

*Soknerådet hadde fleire innspel og synspunkt på korleis ein kan kommunisere tydelegare om dagens takkoffer og gjennom det auka gaveinntektene til soknerådet. Soknerådet ønskjer å setje opp dette som ei eiga sak på nyåret.*

## Vedtak:

Soknerådet godkjenner framlegg til budsjett for 2025, med følgjande endringar:

- Omdisponerer 15 000kr av kostnadene som var satt av til eige kyrkjelydsarbeid til heller inngå som kostnadsramme for kyrkjemusikalsk arbeid - for å kunne gi rom for jazzgudsteneste også i 2025.

Oppdatert budsjett ligg ved referatet.

## 2024/70 - 311 Gudstenesteplan våren 2025

Gudstenesteutvalet legg fram gudstenesteplan for våren 2025 (som vert handsama på møte i gudstenesteutvalet same dagen).

### Moment frå samtalen:

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

*Merk: Fellesgudstenester som skjer i Nysæter kyrkje kjem ikkje fram på lista. (23.feb, 17.apr)  
Det vert og askeonsdagsgudsteneste og Taize gudsteneste i Nysæter (felles gudstenester).*

*Oppmoding om å sjekke med søndagsskulen på Hystad at ikkje det er kollisjon med familiegudstenestene, særleg dagar med mogleg T-samlingar.*

*Det er uklart om det vert Folk i Sentrum, i så fall truleg siste helga i mai. Dersom det ikkje vert Folk i Sentrum er det likevel satt av ei helg i juni for mogleg gudsteneste på Osvald Pub.*

*Ønskje om kyrjekaffi (utvida) 9.mars ifm felles møtehelg. Kjem attende til det på nyåret.*

## **Vedtak:**

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

## **2024/71 - 317 Takkofterføremål våren 2025**

Gudstenesteutvalet legg fram forslag til takkofter-føremål våren 2025. Fordelinga mellom interne og eksterne føremål må reflektere vedtak i Sak 69 om budsjett for soknerådet.

## **Vedtak:**

GUV får oppgåva med å balansere takkofterlista til å reflektere budsjettet (og elles velje føremål i tråd med tidlegare vegleiar), og framskynde misjonsprosjekt-søndagar (totalt 6 stk) til prosjektperioden (innan utgangen av mars).

## **2024/72 - 012 Val av leiar og nestleiar for 2025**

Kvart år skal leiar og nestleiar veljast for det komande året.

## **Vedtak:**

Leiar: Anders Dahl  
Nestleiar: Sigrid Beate Tveit Eskeland  
Samrøystes.

## **2024/73 - 012 Møtedatoar 2025**

Forslag til møtedatoar for vårsemesteret 2025:

9.jan kl 16:30 – 20:30 – Felles medarbeidersamling stab/sokneråd (i Nysæter)  
23.jan kl 19-21: Soknerådsmøte,  
19.feb kl 17-19: Soknerådsmøte  
18.mar kl 19-21: Soknerådsmøte  
24.apr kl 17-19: Soknerådsmøte  
27.mai kl 19-21: Soknerådsmøte

Andre viktige datoar:

19.januar kl 17 – Innsetjing av ny prost (Arild Steinsland)  
25.januar – Basar i Kyrkjestova  
7.-9.mars – Felles møtehelg m/Leirvik bedehus. Per Arne Dahl deltek.  
13.september – «Døgnet», felles medarbeidardag stab/sokneråd (laurdag)

Framlegg til årshjul for 2025 vert lagt fram i møtet.

## **Vedtak:**

Soknerådet vedtek møteplan og årshjul som framlagd med følgande justering:  
Møtet 19.feb vert kl 17-19.  
Årshjul vert utsendt saman med referatet.

## **Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:**

1. «Kva skjer i kyrkja vår»? Orientering ved sokneprest
  - a. Snart gjennomført julevandring med alle barnehagane, og det vert skulegudsteneste med alle skulane om to veker.

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

- b. Gudsteneste med juleverkstad 3.søndag i advent.  
Ikkje gudsteneste 4.søndag i advent
- 2. Orientering frå fellesrådet v/Dag
- 3. Oppdatering på arbeidet med hjelpesending til Cuba
  - a. Det er god framdrift i innsamlingsarbeidet, men enno langt til målsatt mengde.
  - b. Arbeidsgruppa jobbar aktivt, info på Facebook-gruppe, Sunnhordlandpodden mm.
  - c. Viktig at alle sprer ordet og bidrar til innsamlinga så me kan nå målet og fylle containeren
- 4. Oppdatering på arbeidet med infoskjermer i kyrkja / på kyrkjekontoret
  - a. Infoskjermen-løysing er satt opp og brukast på veggen i kyrkja før og etter gudstenestene.
  - b. Dei to infoskjermene som skal henge bak i kyrkja og på kyrkjekontoret er kjøpt, men ikkje enno hengt opp.
  - c. Soknerådet fekk introduksjon til «Infoskjermen Go» appen der ein kan få infoskjermen på mobil med kodeordet «STORDKYRKJE».
- 5. Stallen 2024
  - a. Vert på torget på Leirvik frå 4.desember. Bemanna fredag og laurdag dei tre helgene fram mot jul. Oppmodar fleire til å melde seg for å ta ei vakt. Reidar Ådnanes kontakt.

## Skriv, referat og meldingar

- 1. Skriv – Høyringar frå Den norske kyrkja hausten 2024
- 2. Referat Diakoniutval 21.okt
- 3. Referat Kyrkjestova Fredheim 31.okt
- 4. Referat TOL-utval 30.okt
- 5. Skriv – takk og informasjon frå prost Svein Arne Theodorsen

Anders Dahl  
soknerådsleiar og referent